



Prøvetaking av sild, kolmule, makrell, brisling, øyepål, tobis, hestmakrell, vassild/strømsild og lodde frå kommersielle fangstar til Havforskningsinstituttet

Havforskningsinstituttet tek kvart år hundrevis av prøver frå den kommersielle fangsten av våre viktigaste fiskeartar. Hovudføremålet med dette er å få gode data på den landa fangsten, med tanke på storleiksfordeling (lengde og vekt), kondisjon, kjønnsmodning og alder. Aldersfordelinga er særskild viktig, og saman med data på kvantum (tonn) fisk landa, som vi får frå Fiskeridirektoratet, bruker vi desse prøvane til å berekna kor mange individ av kvar årsklasse som vert fiska per år. Dette er den viktigaste informasjonen i bestandsmodellane som vert brukt for å berekna kvoteråd for dei store bestandane.

I den pelagiske sektoren vert denne prøvetakinga i stor grad gjort av fiskarane sjølv, i samråd med Havforskningsinstituttet, ved at prøvar av fangsten vert frosne ned og levert landanlegg som sender prøvane til HI for analyse. Frå 1. januar 2018 starta vi opp med å bestilla fangstprøvar av sild ved hjelp av elektronisk fangstdagbok. Ordninga har seinare blitt utvida til fleire artar. Bruk av elektronisk fangstdagbok og loddtrekning på enkeltfangstnivå for å «bestilla» fangstprøvar på er ein statistisk sett tilnærma optimal måte å gjera det på, og er no den einaste måten Havforskningsinstituttet hentar inn fangstprøver av dei nemnte artane på.

Frå januar 2021 blei ordninga utvida til å gjelde **sild, kolmule, makrell, brisling, øyepål, tobis, hestmakrell, vassild/strømsild og lodde.**

Ordninga er forklart meir i detalj på www.hi.no/fangstprover, men kan for mottaksanlegga sin del kort oppsummerast til:

Jobben til mottaksanlegga vil vera å **ta i mot fangstprøvar frå fartøy** som leverer fangst, og å **oppbevare** prøvane på fryselager til dei skal sendast til HI.

Prøvane frå fangstprøvelotteriet skal **sendast til HI** ein av dei første dagane kvar månad. Prøvene blir opparbeida gjennom heile året, så det er viktig at dei kjem til HI så raskt som mogleg, sjølv om det berre er ein eller få prøver på anlegget. Om prøvane kjem for seint til å kunne opparbeidast før fristane våre, kan dei ikkje nyttast. 2025 prøver må vere sendt til HI seinast 10. januar 2026.

HI har fraktavtale med «Norlines» som tek seg av alt det praktiske. Bruk vedlagte bestillingsbrev for frakt (kan og lastast ned frå www.hi.no/fangstprover). HI dekkar fraktkostnadane.

For å få dette til er me avhengig av god oppslutning om fangstprøvelotteriet frå både flåten og landindustrien gjennom heile året. Dette vil vere eit felles løft for ei betre bestandsvurdering og kvoterådgeving. Spørsmål om ordninga kan sendast på e-post til «fangstprover@hi.no». Sjå også www.hi.no/fangstprover



Emballasje sendt ut av HI

Pakking, emballasje og merking (om bord i fartøy):

- Dersom svar frå HI på «lotteriet» er JA ynskjer vi at prøven som vart teken vert pakka, merka, frosen og levert til eit **norsk** landanlegg så snart som mogeleg.
- Når det gjeld pakking, så har vi sendt ut ein del kartonger, som vist på bildet over, desse kan brukast, men det går fint å bruka vanlege 20-25 kg kassar som industrien brukar, eller mindre kassar for brisling, tobis og øyepål. Vi treng ein prøve på minst 15 kg (1-2 kg for brisling, tobis, lodde og øyepål).
- Det er veldig viktig at prøven blir merka godt. Bruk gjerne etikettane vi har sendt ut, og skriv på med vassfast tusj. Etikettane finst også på www.hi.no/fangstprover for nedlasting. Fangstopplysningsetiketten må plasserast på kortenden på kassen (bilete). Det er viktig med ein eintydig referanse til fangstdagboka.
- Legg prøva i frysaren til den vert levert til eit **norsk** landanlegg. For mindre fartøy som ikkje har plass til frysing, vil prøven ofte kunne lagrast fersk. Dette gjeld i vinterhalvåret, og dersom det er kort tid til levering på landanlegg eller til føringsbåt med frysekapasitet.

Levering til landanlegg:

- Dei aller fleste mottaksanlegga har sagt seg villige til å ta i mot disse fangstprøvene og oppbevare dei på frys for seinare vidareending til HI. Prøva skal ikkje leverast til utanlandske mottak, men takast med vidare til neste lossing på eit norsk mottaksanlegg.

Bestilling av transport



Hvem bestiller: *	<input type="text" value="Havforskningsinstituttet"/>	Prosjektnr. / Navn: *	<input type="text" value="15726 Fangsprøvelotteriet"/>
		Frakt betales av:	Havforskningsinstituttet Fakturmottak DFØ Postboks 4746 Torgaden 7468 TRONDHEIM
Avsender			
Navn: *	<input type="text"/>	Adresse: *	<input type="text"/>
Telefonnr / Mob:	<input type="text"/>	Mailadresse: *	<input type="text"/>
Klar for avhenting: *	<input type="text"/>	Ønsket lev. dato:	<input type="text"/>
Mottaker			
Navn: *	<input type="text" value="Prøvemottak, Havforskningsinstituttet"/>	Adresse: *	<input type="text" value="Nordnesgaten 33, 5005 Bergen"/>
Telefonnr / Mob: *	<input type="text" value="458 41 792"/>	Mailadresse: *	<input type="text" value="Prøvemottak@hi.no"/>
		Leveringstidspunkt:	Mandag - fredag mellom kl. 08:30 -14:30
Varer			
Antall kolli: *	<input type="text"/>	Vekt: *	<input type="text"/>
Type gods: *	<input type="text" value="Frosne fiskeprøver"/>	Volum:	<input type="text"/>
* Må fylles ut		Kontaktpersoner Nordlines	Thomas Lorenz mob : 40 76 03 46
Bestillingen sendes : booking.bergen@norlines.no			Malinn Gorbitz mob : 94 01 16 40 sentralbord: tlf: 55 55 09 60/55 30 79 50